



Dato: 17.06.2015  
Vår ref.: 2014/19504-49  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Referanse for Sondre Sauraas

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å arrangere fylkesmønstringa til [UKM Hordaland](#). Dei siste åra har det gjennom fylkesmønstringane i Hordaland m.a. vore gjennomført fleirkamera-opptak og livestreaming av framsyningane på fylkesmønstringa, samt arbeid med å ta bilete av alle deltakerane og lage intervjusaker til nettsida [www.ukm.no/hordaland](http://www.ukm.no/hordaland). For å kunne halde fram dette arbeidet er det naudsynt med ei nettredaksjon under fylkesmønstringa. Nettredaksjon er ein av kategoriane som ungdom kan delta på under UKM og Sondre Sauraas var ein av dei 28 ungdommane som deltok i denne kategorien under fylkesmønstringa. Denne vart arrangert på USF Verftet 18.-19.april 2015.

Gjennom UKM Norge hadde Hordaland fylkeskommune ein buss for fleirkameraproduksjon som stod utanfor bygget. For dette arbeidet samarbeida Hordaland fylkeskommune med [Ung Produksjon](#).

Å jobbe i nettredaksjon under UKM er ei nyttig erfaring for å lære seg å arbeide innanfor medieproduksjon. Arbeid for ungdommane i nettredaksjonen inkluderte følgjande; video (livestreaming), kamerastativ, grafisk utforming, redigering av bilde og video, intervjuarbeid med UKM-deltakarar, innlegg på sosiale medium, samt å laste opp nettsakar med bilete og tekst på nettsida [www.ukm.no/hordaland](http://www.ukm.no/hordaland).

Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med innsatsen til Sondre Sauraas sitt arbeid under fylkesmønstringa av UKM Hordaland i 2015 då dette m.a. gjorde det mogleg å dokumentere arrangementet for tida etterpå.

Vennleg helsing

Ronny Skaar  
Seksjonsleiar/Utviklingssjef

Marianne Ose Askvik  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*